

Argument for utfasing av olje og gass



Fotomontasje Ola Dimmen

Vi får stadig høyre seigliva talepunkt frå oljenæringa om kor viktig olje er for norsk økonomi, velferd og sysselsetting. Regjeringa og mange politikarar repeterer dette tilsynelatande ukritisk og lar oljeselskapa få alt dei peikar på av statleg støtte og subsidiar. Her er forslag til motsvar til nokre av talepunktta som er **merka med raudt**.

*Dette dokumentet finn du med klikkbare
kjelder på [Besteforeldreaksjonen.no](https://besteforeldreaksjonen.no) -
Bakgrunnsinfo – Rapporter og notater.*



«Verda vil alltid ha bruk for olje til plast, smøreolje, kunstgjødsel og mykje anna»

Brenning av fossil energi er hovudårsaka til global oppvarming.

Berre 15 prosent av olje og gass blir brukt til andre ting, og olje- og gassproduksjonen må reduserast til eit nødvendig minimum. Vi må i alle fall stoppe all vidare oljeleiting.

-Plast produsert fra norsk olje og gass. Stortinget utredning 30.06.2025

Olje og gass må ikkje brennast opp, men ligge til bruk for komande generasjonar. Olje og gass er eit verdifullt, ikkje fornybart råstoff, og vitenskap og forsking kan truleg finne mange nye bruksområder for hydrokarbonar i framtida i staden for berre å brenne det opp.

«EU og Storbritannia vil kjøpe norsk olje og gass i mange tiår til»

Marknaden for norsk olje og gass vil i stor grad tørke inn når EU skal bli kvitt 90 prosent av sine utslepp innan 2040. Både EU og Storbritannia satsar på rask omstilling til sjølvprodusert fornybar energi, ifølge EU -kommisjonen og den Britiske regjeringa. Det er lite sannsynleg at dyr norsk olje og gass frå Arktis vil overta ein større marknadsandel i Europa i framtida.

-EU-kommisjonen vil ha 90 prosent utslippskutt.. Hovland, E24 2.07.2025.

-Tilliten til fossil energi er borte . Energi og Klima 30.04.2026

Berre 5 prosent av EUs gassforbruk kjem frå Arktiske strøk, men norsk gass utgjer likevel 30 prosent av EUs gassforbruk. Norsk gass dekker i dag ca. 9 prosent av Europas totale energibehov.

-Norge styrker sin rolle som Europas energipartner. Gassco 8.01.2026.

Ny rørledning frå Barentshavet til ein fallande gassmarknad i Europa blir svært dyrt og tidkrevjande å bygge, men regjeringa seier at dei likevel vurderer det.

«Noreg er ein sikker og stabil energileverandør som er viktig for europeisk beredskap»

Veien framover for EU er det EU-kommisjonen kallar «heimelaga» fornybar energi.

Norsk oljeproduksjon er sårbar, og det er knytt stor risiko til alt frå politikk, naturverdiar og klimahensyn, til økonomi, dårleg oljevern, uhell og sabotasje.

Brannen på Melkøya sette anlegget ut av drift i nesten to år.

-Støre skryter av Melkøyas gasseksport til EU. Holter m. fl. DN 25.06.2026

Wisting kan bli dyrt og ulønsamt å bygge ut, og kan også bli drifta utan karbonfangst og lagring fordi dette blir svært kostbart.

EU vil truleg ikkje importere olje og gass frå klima-og miljøskadelege oljefelt opp mot iskanten når desse evt. står ferdig.

- Dagsavisen løper olje-regjeringens ærend. Sæther, Dagsavisen 1.07.2026

«Oljeselskapa veit best kva for investeringar som lønner seg»

Oljeselskapa tar liten risiko fordi staten betalar ca. 90 % av oljeselskapa sine investeringar på sokkelen.

Oljeselskapa får ca.100 milliardar i subsidiar kvart år. Selskapa skal betale 78% av overskotet til staten, men dette dekker ikkje heile den statlege støtten og differansen må reknast som indirekte og direkte subsidiar.

-Petrolemsskatteloven. Prof. Knut Bergo ved BI, Kritisk juss, 2.12.2024.

Det blir svært kostbart å fjerne installasjonar og infrastruktur på sokkelen og langs kysten når forbruket av fossil energi må bort. Nye felt i Barentshavet kan fort bli «stranded assets» nesten før dei har starta.

«Fortsatt oljeproduksjon er viktig for velferden»

1 av 4 kroner av statsbudsjettet kjem frå avkastninga av oljefondet (SPU), og vi kan bruke av denne avkastninga i framtida sjølv om vi ikkje lenger produserer olje og gass.

Lønsame investeringar i aksjar og verdipapir er hovudårsaka til veksten i SPU, og no er avkastninga mange gonger så høg som innbetalingane frå oljeselskapa.

-Støre tar feil om behovet for oljeleting. Sæther, Energi og Klima 5.05.2026.

Andre nordiske land er velferdssamfunn utan oljeproduksjon.

«Det er over 200 000 arbeidsplassar som direkte og indirekte er knytt til oljenæringa»

27 000 personar er direkte tilsette i oljenæringa og leverandørindustrien, men det er stor grad av innleige og vikarbruk i oljenæringa så ikkje alle er fast tilsette.

1 prosent av norske arbeidstakarar er direkte tilsette i oljenæringa. (27 000: 2 920 000)

-Arbeidsplasser. Norsk Petroleum, 5.06.2026

Ringverknader av oljenæringa gjev arbeid til 6 prosent av norske arbeidstakarar. 185 000 har jobbar som er knytt til oljenæringa med levering av materiell, bank, transport, bygg og anlegg, hotell, mm.

-Hvor mange jobber er det i Norge? SSB 11.05.2026

Andre bransjar skaper også ringverknader. Industri, bygg og anlegg, fiskeri, jordbruk, offentleg og privat tenesteyting, mm.

Det er svært lav arbeidsløyse i Noreg, og det er mangel på fagarbeidarar i store delar av det private næringslivet og i offentleg sektor. Dette er eit godt utgangspunkt for at tilsette i oljenæringa kan få andre jobbar.

-Mangler arbeidskraft.. Alexa og Nygård, NTB/Fagbladet 20.05.2026

«Fornybar omstilling er avhengig av fortsatt oljesatsing»

Equinor skal no redusere sine investeringar i fornybar energi til eit minimum og vil investere endå meir i utanlandsk olje-og gass.

-Nå er det bare olje og gass. Anders Bjartnes, Energi og Klima 18.06. 2026

Equinor får gjere som dei vil sjølv om staten har aksjemajoritet.

Enova har mykje pengar på bok som kunne vore brukt til fornybar omstilling sjølv om budsjettet for 2026 har blitt redusert med nesten to milliardar.

-Enova-milliarder hopar seg opp. Oskar Haltbrekken Tveitdal, Energi og Klima 30.06.2026

Noreg har pengar nok, men det manglar politisk vilje til planlagt og systematisk omstilling vekk frå olje.

«Havvind er avhengig av fortsatt oljeverksemd»

Ein del skipsteknologi og plattformteknologi kan overførast på havvind, men det er ikkje nødvendig å bore etter olje for å ankre og montere vindmøller og legge kablar.



Fotomontasje Ola Dimmen

«Noreg sitt bidrag til global oppvarming er ubetydeleg samanlikna med land som Kina, USA og India»

Utslepp av klimagassar må målast pr. innbyggjar, inkl. eksport av olje og gass. Som stor produsent av fossil energi har vi eit vesentleg medansvar for global oppvarming, og Noreg deltok saman med over 70 land i Colombia i april i år for å lage et «Veikart for omstilling bort fra fossil energi». Men likevel fekk norske oljeinteresser hindra at vi tok noko særleg initiativ i forhandlingane.

-Et steg mot fossil utfasing – med Norge i baksetet. Tveitdal, BKA 3.05.2026

Vi slepp ut mykje meir enn det globale gjennomsnittet.

Innanlandske CO₂-utslepp per person er på 6,7 tonn i Norge, og gjennomsnittet i verda er 4,7 tonn.

-CO₂-utslipp per person i Norge to tonn over snittet i verden. Kirsten Å. Øystese, Energi og Klima 13.11.2025

Utsleppa frå eksportert olje og gass er 10 gongar så høge som innanlandske utslepp, og Noreg er difor på topp 5 lista over eksport av forurensande olje og gass pr. Innbyggjar.

-Myter om norsk olje & gass. Naturvernforbundet

Noreg kan bryte folkeretten med produksjon, forbruk, tildeling av lisensar og subsidiar. Vi har medansvar for menneskerettsbrot når utsleppa frå oljeleting, produksjon og bruk av fossil energi skadar klima og miljø, og vi kan få erstatningsansvar i følgje FN-domstolen ICJ.

-Menneskeretter kan stanse oljeleting. Besteforeldreaksjonen, 26.07.2025

Det globale karbonbudsjettet minkar stadig og vi har no berre 4 år igjen før det globale 1,5 graders-målet er passert. Mange meiner det faktisk er passert, og Europa er allereie 2,4 gradar varmare.

Fattige land gjer krav på resten av det globale karbonbudsjettet for å kunne bruke fossil energi til økonomisk utvikling.

-Karbonbudsjettet. Olav Øvrebø, Energi og Klima 14.11.2025

Dette kan vi satse på i staden for olje



Set fart i stenging og opprydding av oljeinstallasjonar.

Start med dei eldste plattformane - dette vil skape mange nye arbeidsplassar. Viss ikkje, kan vi stå att med eit rustbelte av oljeinfrastruktur på sokkelen og langs kysten om få tiår.

Stopp all statlege støtte og subsidiar til oljeleting og bruk pengane på fornybar omstilling.

Statlege støtteordningar må sikre norsk eigarskap og ha langsiktig risikovilje for innovasjon og teknologisk utvikling.

Prioriter forskning som kan gi stor effekt, f.eks. geotermisk energi som kan utnytte varme i gamle borehol til el-produksjon.

Bygg ut energiproduksjon med lite naturtap: Jordvarme, sjøvarme, solfangarar, varmelagring i fjellgrunn, forsvarleg havvind. *(Sjå BKA- rapport om Kraftbalansen og div. faktaark).*

Sterkere krav til energieffektivisering og sparing spesielt i bygg.

Norsk vasskraft kan moderniserast og gje større produksjon.

Stopp elektrifiseringa av oljeinstallasjonar med kraft frå land.

Førebu samfunnet på meir ekstremvær og beskytt eigedom og verdier med flomvern, rassikring og beredskap mot tørke og brann.

Sikre nasjonal infrastruktur med meir jernbane, rust opp fylkesvegar, reduser utbygginga av motorvegar.

Still krav om restaurering av natur ved all naturbruk.

Styrk beredskap og sjøvforsyning med lokal energiproduksjon, sterkere vern av matjord og lovfest høgare minimumsnivå for kornlager, kriselager og damfyllingar.

Prioriter gjenbruk og sjølvforsyning i avgiftspolitikken.



Ny klimapolitikk må starte no!

Naturen er vårt livsgrunnlag!

Barnas framtid blir til i dag!

***Bli med i
Besteforeldreaksjonen
SMS: send «BKAMEDLEM» til 1919***

Energigruppa i BKA ved Ola Dimmen, juli 2026.

